



Jeanette Guddal takkar av etter eitt år som leiar av Uskedalen Utvikling. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tysdag kveld klokka 20 er det årsmøte i Uskedalen Utvikling i Gamleskulen og Jeanette Guddal har fråsagt seg attval som leiar fordi ho skal flytta frå bygda til Valen. Ho har leia UU det siste året. Også styremedlem Michael Røssland sluttar medan det tredje styremedlem Klara Bakke held fram.

Styret vil no bli utvida frå tre til fem medlemmer og valnemnda har så langt fått ja frå to nye – Reidar Myklebust og Gunnar Myklebust. Det opplyser leiar Henrik Lyse til uskedalen.no. Arbeidet med å finna to kandidatar til pågår fram mot årsmøtet. Leiar-spørsmålet er sjølvstendig heller ikkje avklara.

Ei særleg viktig sak under årsmøtet blir vidare arbeid og organisering i UU etter at Bygdeutviklingsprosjektet no er avslutta. Ein tanke som prosjektleiar Kristian Bringedal har festa seg ved er å oppretta eit dialogforum. Det skal då ha faste møte og drøfta aktuelle saker og tiltak. Ansvar for vidare arbeid blir på denne måten løyst der og da og nokon i forumet vert tillagt ansvaret med å bringe sakene vidare. Likevel må styret ha eit overordna ansvar, held Bringedal fram.

I fjor la UU hovudvekta på Bygdeutviklingsprosjektet og arbeidet i fem underkomitear. Heimesida vart dette året skilt ut som sjølvstendig einheit direkte underlagt styret. Viktig ellers blant prosjekta i fjor var fullføringa av rasteplassen og oppslagstavla og starten av kafe i Gamleskulen. I 2007 kom også dei nye skilta på plass etter at det året før var laga ein skiltplan.

Av Ola Matti Mathisen